



Statens vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 16.04.2018
Vår ref.: 2017/15913-3
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Melding om vedtak - Klage på vilkår om førehandstilsegn for utvida bruk av avkjørsel - Fv. 233 - gnr. 43 bnr. 251 og bnr. 267 - Fjell kommune

Me viser til Dykkar brev av 15.12.2016 med oversending av klage som nemnd over.

Saka vart handsama i den fylkeskommunale klagenemnda i møte 10.04.2018 sak PS 19/2018, og følgjande vedtak vart samrøystes vedteke:

«Klagenemnda tek klaga til følge. Klagenemnda meiner det vil vera urimeleg å påleggja brukarane av vegen for forhold som angår grense mellom fylkesveg og tredjepart.»

Vedtaket er endeleg. Me ber om at De underrettar parten/klagaren om klagenemnda sitt vedtak.

I følgje forvaltningslova § 36, første og fjerde ledd, skal parten gjera kjent med retten til å krevja sakskostnader når vedtaket er endra til gunst for parten, med mindre det er usannsynleg at parten har hatt vesentlege kostnader eller det er grunn til å tru at han eller fullmektigen hans kjenner retten. Dersom parten set fram krav om sakskostnader, er det klagenemnda som avgjer spørsmålet, jf. fvl. § 36, tredje ledd.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Arkivnr: 2017/15913-2

Saksbehandlar: Anne Vedvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda	19/18	10.04.2018

Klage på vilkår om førehandstilsegn for utvida bruk av avkøyrsel - Fv. 233 - gnr. 43 bnr. 251 og bnr. 267 - Fjell kommune

Samandrag

Byggmester Reidar Vallestad AS (Klagar) har sett fram to søknader om utvida bruk av avkørysle til Fv. 233 for eigedomane gnr. 43 bnr. 251 og bnr. 267 i Fjell kommune. Statens vegvesen (SVV) ga førehandstilsegn den 15.12.2016 og sette som vilkår at visse krav til trafikksikring og handsaming av overflateant må vera oppfylt før brukstillating vert gitt.

Klagar sette fram klage dagsett 05.01.2017 og hevdar at den utvida bruken er ubetydeleg, samt at det er urimelege at det er Klagar som vert pålagt krava og må bera kostnadene. Klaga er rettidig.

SVV har vurdert klaga, men kom fram til at vilkåra som er sett i tilsegna ikkje er urimelege. Ved brev av 23.08.2017 vart saka oversendt Hordaland fylkeskommune som klageinstans.

Fylkesrådmannen finn at det ikkje er saksbehandlingsfeil i SVV si handsaming av søknadene om utvida bruk. Saka er handsama etter veglova §§ 40-43 som gjev heimel for å stilla krav til utbetring før det vert gitt tillating til utvida bruk av avkørysle frå offentleg veg. Regelverket heimlar at det er søkjaren som vert pålagt utbetningskrava og som må bera kostnadene ved slike tiltak. Fylkesrådmannen finn at dei konkrete utbetringstiltak i denne saka er relativt enkle og at kostnadene ikkje er urimelege.

På bakgrunn av dette rår fylkesrådmannen til at klage frå Byggmester Reidar Vallestad AS ikkje vert teken til følgje.

Økonomi: Ingen effekt

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til vedtak

Klage frå Byggmester Reidar Vallestad AS på Statens vegvesen Region vest sitt vedtak i førehandstilsegn om utvida bruk av avkøyrsel frå Fv 233 for gnr. 43, bnr. 251 og bnr. 267 i Fjell kommune vert ikkje teken til følgje.

Saksprotokoll i klagenemnda - 10.04.2018

Stig Morten Frøiland (A) sette fram slikt alternativt forslag:

«Klagenemnda tek klag til følgje. Klagenemnda meiner det vil vera urimeleg å påleggja brukarane av vegen for forhold som angår grense mellom fylkesveg og tredjepart.»

Røysting

Frøyland sitt forslag vart samrøystes vedtek mot ingen røyster for fylkesrådmannen si innstilling.

Vedtak

Klagenemnda tek klag til følgje. Klagenemnda meiner det vil vera urimeleg å påleggja brukarane av vegen for forhold som angår grense mellom fylkesveg og tredjepart.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.03.2018

Bakgrunn

Byggmester Reidar Vallestad AS (Klagar) har sett fram to søknader om utvida bruk av avkjørsle til Fv. 233 for eigedomane gnr. 43 bnr. 251 og bnr. 267 i Fjell kommune. Bnr. 251 er bebygd og har i dag eksisterande avkjørsle på austsida av huset, men ønsker å letta tilkomsten til eigedomen ved å nytta avkjørsle til Fv. 233. Bnr. 267 skal etablerast med ny bustad. Statens vegvesen (SVV) ga førehandstilsegn for dei to eigedomane den 15.12.2016. I dei to tilsegna vert Klagar pålagt å oppfylla høvesvis 6 og 7 krav før brukstillating vert gitt.

Klagar sette fram klage dagsett 05.01.2017. Klaga er rettidig. SVV har vurdert klaga, men kom fram til at vilkåra som er sett i tilsegna ikkje er urimelege. Ved brev av 23.08.2017 vart saka oversendt Hordaland fylkeskommune som klageinstans.

Rettsleg grunnlag

Veglova § 40.

Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan den godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

Veglova § 41.

Regionvegkontoret kan påby avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg flytt eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkjørsle.

Kommunen kan ta avgjerd etter første ledd for kommunale vegar.

Naudsynte utgifter til flytting eller endring av lovleg avkjørsle kan det krevjast vederlag for. Likeeins kan det, i samband med flytting av avkjørsle, krevjast vederlag for naudsynte utgifter til flytting, endring eller lengning av privat veg fram til avkjørsla. Det same gjeld utgifter til flytting, ombygging eller endring av byggverk eller anlegg som avkjørsla gjer naudsynt. Det skal takast omsyn til verdauke som den nye avkjørsla eller vegen tilfører eigedomen. Dette skjer ved frådrag i vederlaget eller refusjon frå eigaren dersom avkjørsla eller vegen alt er bygd.

Veglova § 42.

Blir avkjørsle bygd eller nytta i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan det gis påbod om at avkjørsla skal stengast, endrast eller flyttast på den ansvarlige sin kostnad.

Regionvegkontoret tar avgjerd etter første ledd for riksvegar og fylkesvegar, og kommunen tar slik avgjerd for kommunale vegar.

Veglova § 43.

Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidligare måtte vere settet for løyve til avkjørsla. I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisiktlinjer mellom avkjørsla og den offentlige vegen. Om vegstyremakta finn det naudsynt, kan slike frisiktlinjer også gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyremaktene kan også sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einskilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsla syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyremakta.

Eigaren eller brukaren av eigedomen er ansvarlig for vedlikehald av avkjørsle til eigedomen. Er vedlikehaldet ikke forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsynlig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad.

Er avkjørsle bygd og halden ved like i samsvar med fastsette reglar, syter vegstyremakta for at vasslaup under avkjørsla blir halde ope.

Regionvegkontoret tar avgjerd etter denne paragrafen for riksvegar og fylkesvegar og kommunen tar slik avgjerd for kommunale vegrar.

Klage

Klage frå Byggmester Reidar Vallestad AS dagsett 05.01.2017:

«Klagen gjelder forhåndstilsagn på utvidet bruk av avkjørsel for gnr 43 gnr 251 og gnr 43 bnr 267 – Fjell kommune. Det er gitt forhåndstilsagn for utvidet bruk med en del krav om utbedring som vi mener er uimelig at stilles tiltakshaver på bnr. 251 og 267. Vi vil med dette påklage vedtaket i disse to sakene. Saksnr. 16/74839 og 16/144198.

Vi vil først og fremst påpeke at avkjørselen er regulert i reguleringsplan 221 RP Fv 209-233 Storskaret – Brattholmen. Denne avkjørselen fra fylkesvei 233 til kommunal vei Skogedalsvegen er utbedret av Statens Vegvesen etter reguleringsplan og skal da oppfylle de tekniske kravene. En utvidet bruk som omsøkt vil gi en så minimal økning av trafikkmengden i avkjørselen at avkjørselens utforming etter reguleringsplanen fra 2007 burde være tilstrekkelig.

De momenter som trekkes frem i kravene ser vi på urimelig at stilles tiltakshaver.


Vedrørende vannansamling i innkjørselen er det i så fall et krav som må stilles eier/bruker av industri området ved avkjørsel. Hvis de ikke har god nok overvannshåndtering i forbindelse med sitt arbeid på plassen utenfor verksted/lager er dette noe som må utbedres uavhengig av vår søknad om utvidet bruk og kravet må stilles eier av industriområdet.

Avkjørselen er innsnevret med fortauskant etter utbedring av fylkesvei. Om det parkeres i frisiktsonen av bedriften som hører til industribygget ved avkjørselen er det dem som må få krav om etablering av gjerde i eiendomsgrensen.

Kravene som er stilt i forhåndstilsagnet ser vi på som urimelige at eier av bnr. 267 og 251 må utbedre. Vi ser ikke på det som en så stor økning av trafikkmengde at en avkjørsel som er utbedret etter reguleringsplan av 2007 skal måtte utbedres. Om brukerne av industriområdet i tilknytning til avkjørselen bruker området på en måte som hindrer frisikt eller ødelegger for avkjørselens funksjoner er det dem som skal stilles krav om utbedring.»

SVV si vurdering

«Skiltet fart på stedet er 50 km/t. Jfr. Nasjonal vegdatabank (NVDB) er årsdøgntrafikk (ÅDT) beregnet til 3100 kjøretøy (2016). Det aktuelle avkjørselspunktet inngår i reguleringsplan vedtatt av Fjell kommune i 2007. Dette var en reguleringsplan for utbedring av FV. 2009 og 233 med gang/sykkelveg/fortau fra Storskaret på Straume til Brattholmen skule med kryss til Ebbesvik. Tiltakshaver var Fjell kommune. Formålet med reguleringsplanen var å utbedre fylkesveg med gang/sykkelveg/fortau. Videre skulle planen legge til rette for trafikksikring og avkjørselssanering.



Vegutbedringsplanen viser ikke friskt i henhold til gjeldende krav jfr. N100. Planen viser derimot et avkjørselspunkt som er mer definert enn det som i etterkant er blitt opparbeidet. (ca. perioden 2010/2011). Avkjørselen slik den ligger i dag oppfyller ikke gjeldende tekniske krav til uforming og avkjørselspunktet fremstår som utflytende. Vegbilder fra perioden 2011 frem til i dag indikerer også at bruken av arealet foran verkstedet har økt i omfang.




FV233 HP 1 Km 1,130 – april 2011.



FV233 HP 1 Km 1,130 – mai 2017

Vegvesenet har gjennom sin saksbehandling gjort en konkret vurdering av forholdene ved det aktuelle avkjørselspunktet. Løsningen som ble opparbeidet for 6-7 år siden fungerer ikke tilfredsstillende. I tråd med overordnede nasjonale mål om å øke andelen gående og syklende har vegvesenet de senere [år] hatt et økt fokus på denne trafikantgruppen. Avkjørselen ligger ca. en halv kilometer fra Brattholmen barneskule. Før det åpnes opp for videre utbygging i området bør dette potensielle ulykkespunktet utbedres.

For å unngå parkering i frisiktsonen og sikre et fremtidig hensiktsmessig kjøremønster er det i forhåndstilsagnet av 14.1.2016 derfor satt vilkår om at det etableres et gjerde (ikke tett) i eiendomsgrense slik den røde linjen viser. Se bilde under (samtid vedlegg 6). Dette kan i praksis dreise seg om et alminnelig flettverksgjerde. Da det samme vilkåret er satt som betingelse for utvidet bruk i sak 16/74839 og 16/144198 legger vi til grunn at kostnaden kan fordeles. Kravet i forhåndstilsagnets pkt. 4 knyttet til eventuelt behov for håndtering av oversvann er et standardkrav. Statens vegvesen kan ikke se at det i denne saken er satt vilkår som på noen måte fremstår som urimelige.



Konklusjon:

Statens vegvesen opprettholder sitt vedtak av 14.10.2016 i sak 16/74839 og 16/144198. Av hensyn til trafikksikkerheten for både bilister og myke trafikanter mener vi en oppstramming av avkjørselspunktet jfr. Kravene i forhåndstilsagn av 14.10.2017 må være en forutsetning for å kunne tillate utvidet bruk av dette.

Da kravene til utbedring må vurderes til å være av relativ enkel karakter og av begrenset kostnadsomfang, kan vi ikke se at vårt vedtak av 15.12.2016 inneholder vilkår som er å betrakte som urimelige.»

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen forstår saka slik at Fjell kommune vedtok ein reguleringsplan i 2007 for å utbetra fv 209 og 233 med gang/sykkelveg/fortau og legga til rette for trafikktryggleik og sanering av avkjøyrslar langs dei to fylkesvegane. Arbeidet vart gjennomført i perioden 2010/2011. Som ledd i søknadsbehandlinga har SVV gjort undersøkingar på staden og finn at dagens situasjon likevel ikkje er tilfredsstillande. Avkjørselen er utflytande og oppfyller ikkje gjeldande tekniske krav til utforming som går fram av handbok N100. Klagar er ikkje ueining i dette, men meiner at den utvida bruken det er søkt om er så beskjeden at den ikkje vil ha særlig effekt på situasjonen, og at det er urimeleg at krav om utbetrinigar av avkjørselen vert retta mot Klagar og ikkje mot eksisterande industribygg.

På bilde frå april 2011 ser ein tydeleg at det ikkje er fysisk hinder mellom fortau med busstopp og parkeringsplass framfor industribygget som ligg attmed den aktuelle avkjørselen. Trafikksituasjon på bilde frå mai 2017 syner mange parkerte bilar i frisiktsona, og bilane står delvis parkert inne på fortauen ved busstopp. Utkjørselen er ikkje fysisk avgrensa, men det det ser ut for at fleire bilar faktisk kan køyra ut samstundes. Etter fylkesrådmannen sitt syn er det ikkje tvilsamt at dagens situasjon er slik at utformingen på utkjørselen kan skapa farlege situasjonar i høve til myke trafikanter, både ved parkering og utkjøring. Med ein barneskule omlag 500 m frå utkjørselen er det sannsynleg at mange barn ferda i området.

Det er ikkje tvilsamt at SVV har heimel for å påleggja dei krav som er sett i denne saka. Etter veglova § 40, første ledd har SVV heimel til å gje eller forby utvida bruk av avkjørsel til fylkesveg. Vidare har SVV heimel

til å påby endring av avkøyrslle som allereie eksisterer, og stilla slik endring som vilkår for utvida bruk, jf. veglova § 41, første ledd. Spørsmålet er om krava i denne saka er urimelege.

Saksbehandlinga skal vera føreseieleg og sikra likebehandling. Sjølv om den utvida bruken i denne saka representerer ein beskjeden trafikkauke isolert sett, må ein kvar søknad om utvida bruk av avkøyrslar handsamast ut frå dei same kriteria og i eit samfunnsmessig perspektiv. Trafikktryggleik er eit prioritert omsyn. I tråd med dette kan utvida bruk av avkøyrsel frå offentleg veg berre tillatast når tilhøva på staden oppfyller gjeldande krav. Desse går fram av handbok N100. Uavhengig av arbeid som er allereie er gjort på staden, er det situasjonen slik den er på søknadstidspunktet, som skal vurderast. Dette har SVV gjort, og kome til at tilhøva på staden ikkje er tilfredsstillande. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er noko feil i SVV si vurdering av dei faktiske tilhøva på staden.

Klagar meiner at det er urimeleg å måtte bera kostnadene ved dei trafikksikringstiltak som går fram av førehandstilsegna. Eksisterande brukarar av utkøyrelsen kan ikkje påleggjast å setja i verk trafikksikringstiltak for at nye brukarar skal kunne ta utkøyrelsen i bruk. SVV har heimel til å stilla krav til endring for å tillata utvida bruk, og det er då den som ønskjer slik utvida bruk som må bera kostnadene.

Som det går fram av bilde nr 3 har SVV teikna inn med raud linje framlegg om oppsetting av eit nettinggjerde som skil fortaket frå plassen ved industribygget, og som avgrensar sjølve avkøyrelsen og sikrar siktlinjer. SVV har plassert gjerde i egedomsgrensa mellom offentleg grunn og privat grunn. Ein legg såleis til grunn at plasseringa ikkje kjem i konflikt med private interesser på staden. Sjølv om tiltaket er ein meirkostnad for Klagar, er tiltaket etter fylkesrådmannen sitt syn, relativt enkelt og ikkje urimeleg kostnadskrevjande. I tillegg kjem at kostnaden kan delast på dei to bruksnumra.

Klagar meiner det er urimeleg å verta pålagt å sikra at det ikkje samlar seg vatn i avkøyrelsen eller renn vatn ut i fylkesvegen. Slikt pålegg er eit standardkrav etter *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg*, og gjeld uavhengig av kven som opphavleg har bygd eller finansiert utkøyrelsen.

På denne bakgrunn finn fylkesrådmannen å rá til at klage frå Byggmester Reidar Vallestad AS over Statens vegvesen sine vedtak om førhandstilsegn av 15.12.2016 ikkje vert teken til følgje.